

Fra: Henry Fanebust <herfaneb@online.no>
Sendt: 16. september 2014 21:41
Til: Siril Sylta
Emne: Gnr 99/4, Alf Eikevik - korrespondanse med Lindås kommune. Mi korrigering av feil-opplysningar frå Alf Eikevik til Lindås kommune.

Kategorier: Ubesvart

Hei!

Eg ser av e-post mellom Alf Eikevik og Lindås kommune at Alf Eikevik påberopar seg å ha rydda opp i grenselinja mellom seg og naboen(meg).

Dette er ikkje sant, trass gjentatte og innstendige oppmodingar, både munnleg og skriftleg frå meg om å tilbakeføre terrenget i grenselinja han har vandalisert, leggja tilbake all jorda han ulovleg har grave vekk, og få mitt uteområde tilbakeført til slik det var før den ulovlege gravinga. Det trengst dessutan å få jord i dei djupe sokka han seinare har tatt seg tilrette med og påført landskapet på mi side av grensa, ved å kjøre over området med mange tonn tungt boretårn den aller blautaste perioden i februar (parallellt med, og kloss i grenselinja der han frå før hadde grave vekk **all** jord på si side **og** litt på mi). Resultat: han komprimerte jorda på **mi** side kraftig saman, muleg også skviste litt av den over til seg??

Kan for øvrig opplyse at Alf Eikevik vart gjort merksam på den korrekte grensa mellom 99/1 og 99/4 av underteikna alt **sommaren 2013**.

Det skjedde alt første gongen han var her på synfaring - for øvrig saman med sine foreldre, og dette var fleire mnd før kjøpet fann stad. Samtlege i følgjet vart gjort merksame på at kartet dei hadde med seg var feil, og dei fekk forklart kvar riktige grenser gjekk. Eg tok meg god tid, og dei fekk endog litt historikk om tunet. Alf Eikevik hadde etter mi forklaring denne dagen ingen grunn til å vera i god tru m.o.t. det feile kommunekartet, han kunne også berre spurd seljar Eivind Våge. Det har aldri vore snev av tvil mellom 99/1 og 99/4 om kvar grensa mellom dei to brukar går!

Eg legg ved e-post eg sende A.E. 09.06.14 om temaet ovanfor.

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust (gnr 99/1)